



Franch Andersen
Kvalvågnesvegen 423
5956 HUNDEVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/10055 - 22/91398

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
23.12.2022

Fortsatt mangler ved søknaden - gbnr 85/5 Kvalvåg

Tiltak: naust
Byggjestad: Gbnr: 85/5
Tiltakshavar: Franch Andersen
Ansvarleg søkjar: Franch Andersen

Kommunen har kontrollert søknad på ny, og finn at det framleis er manglar. Søknad må supplerast med følgjande dokumentasjon:

1. Utviding av kai strekk seg etter det kommunen kan sjå noko ut i sjø, og dermed ut i arealføremål «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone». Det er ikkje opna for etablering av kai innanfor dette arealføremålet. Søknad må supplerast med dispensasjon frå dette arealføremålet.

Sjå føresegn 5.1 og 5.2 i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden:

Bruk og vern av sjø og vassdrag, fleirbruksområde

- | |
|--|
| <p>5.1 Føremålet er fleirbruksområde for natur, friluftsliv, ferdsle og fiske, jf. pbl § 11-7 nr. 6.</p> <p>5.2 Tiltak eller inngrep som er i konflikt med natur, friluftsliv, ferdsle eller fiske er ikkje tillate, under dette flytebrygger og kaianlegg. Dette er likevel ikkje til hinder for naudsynt fortøying av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmpumper, straum- og telenett. Heimel: Pbl § 11-11 nr. 3.</p> |
|--|

2. Det er ikkje krav om at parkering ligg plassert ved naustet. Det er jamvel krav om at naust har sikra parkering. Det vert lagt til grunn at naust har sikra parkering på eigedom. Dersom dette ikkje er tilfellet, må det visast løysing for tenkt plassering av parkering.

Ber om tilbakemelding på dette tilhøvet. Det kan med fordel leggjast ved kart som

syner plassering av parkeringsplass.

3. Søknad må supplerast med informasjon om størrelse for utviding av kai i bygd areal (BYA).
4. Tiltak ligg innanfor marin verneplan. Tiltak innanfor denne planen krev som utgangspunkt løyve frå Statsforvaltaren i Vestland. Det må avklarast om dette tiltaket krev løyve frå Statsforvaltaren.

Syner til §2 i verneforskrift som legg til grunn at grensa for verneplan mot land er der djupnekote i sjø er 2 meter. Forskrifta vil dermed ikkje vere gjeldande dersom det i sjøen ved kai/naust er grunnare enn 2 meter. Dette må avklarast i tilbakemelding.

Dykk står fritt til å søkje om løyve direkte til Statsforvaltaren i Vestland, dersom dykk ynskjer det. Alternativt kan kommunen oversende dette til Statsforvaltaren for særlovshandsaming.

Sjå her for forskrift: <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2020-06-23-1334>

Sjå her for informasjon på Statsforvaltaren i Vestland si heimeside:

<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/miljo-og-klima/verneomrade/marint-vern/lurefjorden-og-lindasosane-marine-verneomrade2/>

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **01.03.2023**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Franch Andersen
Franch Andersen

Kvalvågnesvegen 423
Kvalvågnesvegen 423

5956
5956

HUNDVIN
HUNDVIN